



**Jobbnorge-ID:** 101092

**Søknadsfrist:** Avsluttet

**Nettside:**

**Omfang:**

**Varighet:**

## Økolog, forskning på topptrofiske dyr i Sørishavet

Norsk Polarinstitut har ledig fast stilling som økolog med ansvar for topptrofisk forskning i Sørishavet. Stillinga er plassert i seksjon for biodiversitet, som er ein del av forskingsavdelinga vår.

### Arbeidsoppgåver

Vi søker ein person som vil få ansvaret for å gjennomføre den feltbaserte CEMP (CCAMLRs Environmental Monitoring Programme) overvakinga av antarktisk pelssel og pingvinar på Bouvetøya. Dette inneberer blant anna 3-4 månaders feltarbeid på denne sub-antarktiske øya kvart 3.-4. år. Det forventes også at forskaren utviklar komplimenterende forskingsprogram rundt overvåkingsprogrammet på Bouvetøya og mogleg også andre forskingsprogram i Sørishavet i områder som er interessante for Noreg i samsvar med Norsk Polarinstitutt's mandat.

Arbeidsoppgåvene omfattar planlegging og gjennomføring av forskings- og overvåkingsprogram, utarbeiding av forskingssøknader og rapportering av resultat til instituttets databasar. Den som får stillinga ventest å delta i forvaltningsrelaterte rådgjevingsoppgåver, være ein pådrivar for populærformidling av forskinga, samt delta i internasjonale forskingsfora i regi av CCAMLR og SCAR. Forskingsaktivitetane ventest å resultere i vitenskapelige publikasjonar i internasjonale fagtidsskrift.

### Kvalifikasjonar

For stillinga krevst høgare utdanning med oppnådd doktorgrad innan marin biologi. Det stilles krav til erfaring frå feltbasert forskning på sel og gode kunnskapar om økosystema i Sørishavet, samt erfaring frå feltarbeid på isolerte stader i Antarktis (eller sub-Antarktis). Erfaring med feltarbeid der ein har handtert pelssel, sjøløver eller ulike pingvinartar er ønskelig.

I tillegg krevst det dokumentasjon av gode kunnskapar i statistisk analyse og modellering, særleg innanfor romlig økologi (utbreiing, sporing, dykking, koplingar mot oseanografi o.a.), kombinert med erfaring med moderne analytiske metodar innanfor populasjonøkologi (analyser av stabile isotopar, fetttsyrer, genetik o. a.).

Vi ønskjer ein forskar med gode samarbeidsevner og som ønskjer å jobbe i ei forskingsgruppe med fokus på bevaring og forvaltning av polare pattedyr og fuglar. Det er ønskeleg med gode skriftlege og munnlege norsk- og engelskkunnskapar. Kandidatar som ikkje beherskar eit skandinavisk språk ventest å lære norsk innan rimelig tid (avansert nivå innan 3 år). Instituttet dekkjer norsk kurs for utanlandske arbeidstakarar.

### Generelt

Arbeidsstad er Tromsø. Stillinga lønnast etter statens lønnsregulativ i kode 1109/1110 forskar, lønnstrinn 57-68 (p.t. 473 400 - 578 800 per år), avhengig av kvalifikasjonar. Vi håper at den som får stillinga, kan starta raskt.

Den statlege arbeidsstyrken skal så langt råd er spegla mangfaldet i befolkninga. Vi oppmodar såleis alle kvalifiserte kandidatar med ulik utdannings-, arbeids- og livserfaring til å søke stillinga. Norsk Polarinstitut er ei IA-verksemd. I dette ligg det bl.a. at vi vil tilretteleggja arbeidsplassen dersom det er behov for det. Personar med innvandrarbakgrunn oppmodast til å søke stillinga.

Spørsmål om stillinga kan rettes til seniorforskar Kit Kovacs, [kovacs@npolar.no](mailto:kovacs@npolar.no), tlf. 77 75 05 26, seniorforskar Christian Lydersen, [lydersen@npolar.no](mailto:lydersen@npolar.no), tlf. 77 75 05 21 eller forskingsdirektør Nalan Koc, [koc@npolar.no](mailto:koc@npolar.no), tlf. 77 75 05 30.

**Søknadsfrist er 27. april 2014.** Søknad med relevante kvalifikasjonar og erfaringar, CV, kopi av attestar og vitnemål, samt namn på tre referansar sendes elektronisk via [www.jobbnorge.no](http://www.jobbnorge.no).

*All informasjon blir behandla konfidensielt fram til søknadsfristen går ut. Instituttet utarbeider så ei offentleg søkerliste. Søkarar som ikkje ønskjer å stå på lista, må grunngje dette særskilt i søknaden. Etter den nye offentleglova kan opplysningar om søkaren gjerast offentlege sjølv om søkaren har bede om å ikkje bli ført opp på søkerlista, jf. offentleglova § 25, andre leddet.*

## Tilleggsinformasjon

### Arbeidssted: